

**NATIONEN**

Postboks 9390 Grønland  
0135 Oslo

**Besøksadresse:**  
Schweiggaardsgate 34 A  
www.nationen.no

**Sentralbord:**  
Telefon: 21 31 00 00  
Fax: 21 31 00 90  
Redaksjonen etter kl. 16.00:  
21 31 00 25

**Sjefredaktør/daglig leder:**  
Tove Lie  
Direktenummer: 21 31 00 40  
tove.lie@nationen.no

**Nyhetsredaktør:**  
Sveinung Engeland  
Direktenummer: 21 31 00 35  
sveinung.engeland@nationen.no

**Politisk redaktør:**  
Pernille Huseby  
Direktenummer: 21 31 00 45  
pernille.huseby@nationen.no

**Magasinredaktør:**  
Haakon Barstad  
Direktenummer: 21 31 00 21  
haakon.barstad@nationen.no

**Redaktør:**  
Erling Kjekstad  
Direktenummer: 21 31 00 20  
erling.kjekstad@nationen.no

**Konstituert kulturredaktør:**  
Janne Grete Aspen  
Direktenummer: 21 31 00 32  
janne.aspen@nationen.no

**Administrativ redaktør:**  
Carl Hamre  
Direktenummer: 21 31 00 16  
carl.hamre@nationen.no

**Trøndelagskontoret:**  
Hans Bårdsgård  
Mobiltelefon: 911 98 998  
hans.baardsgaard@nationen.no

Kato Nykvist  
Mobiltelefon: 913 22 017  
kato.nykvist@nationen.no

**Debattredaksjonen:**  
Michael Brøndbo  
Direktenummer: 21 31 00 31  
debatt@nationen.no

**Abonnement og distribusjon:**  
Man.-fre. fra kl. 08.00 til 15.00  
Tlf: 21 31 44 41  
Fax: 21 31 00 92  
abonnement@nationen.no

**Annonser**  
Direktenummer: 21 31 44 44  
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:  
Hverdager fra kl.  
08.00 til 16.00  
Tlf: 61 35 98 29  
Tlf: 61 35 98 30  
Fax: 61 35 98 40  
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

# Lengre til London enn med fly



Ein ven av meg har kviskra meg i øyro at Fosen trafikklag har foreslått å redusere rutetilbodet til Froan enno ein gong. Dette vesle øysamfunnet som strekker seg nokre titals sjømil nordover om lag ein halvannan time utanfor Trøndelagskysten i Frøya kommune, vil dermed få ytterlegare innskrenka moglegheter til å kome seg opp av hengemyra moderniteten har ført med seg.

Dette får meg til å tenke på vår eminente ordkløyvar og låtskriver Øystein Sunde. I 1971 skreiv han ei låt han kalla «Det året det var så bratt». I teksta heiter det ein stad at «det er lengre til London enn med fly», og til tider kan det vere på sin plass og minne om det.

Sunde skreiv sjølv sagt denne låta lenge før hurtigtoget mellom Heathrow og London Paddington vart sett i drift, men likevel etter jetmotoren. Det tok med andre ord berre to og ein halv time å kome seg frå Fornebu til London Heathrow, då som no. Men der ifrå og inn til ei sær adresse akkurat så langt frå ein undergrunnstasjon at ein vart tvinga til å måtte snirkle seg gjennom den tette londontrafikken i ei «black cab», tok fort enno to og ein halv time til.

Sjølv sagt kunne ikkje ein storby som London leve med at folk brukte det meste av reisetida si på ineffektive transportmiddel på den siste brøkdelen av reise-strekket. Dermed vart det løyvd store summar på effektive tog- og

transportlinjer inn mot og i sentrum. Samstundes kravde folket skattelette. Dei fjernaste tilboda i England vart ofra fyrst. Seinare laut ein også skjere ned på tilboda til dei noko større samfunna, men heile tida vart tilboda til dei største byane styrka. Og London er i dag ein av verdas mest effektive byar å flytte seg rundt i.

Etter kvart såg me, også i England men kanskje enno meir her til lands, at kostnadsnivået og det konstante presset på valutakursen sette både primærnæringane og den tradisjonelle rurale industrien under eit formidabelt press. Det var ikkje framtid i at distrikta skulle produsere verken mat eller industrivarer for bulkmarknaden lenger.

Nei, no skulle distrikta ta i bruk alle dei nedlagde driftsbygningane sine å bli tenesteleverandørar og servere stadeigne symbolprodukt som tradisjonsmat og nisjehuer til nyrike urbane nullskatteytarar. Post-moderniteten skulle gjere

sitt inntog i grendesamfunna ein måned eller tre om året.

Stat og kommunar ausa ut bygde-utviklingsmidlar og landbruks- og matministrane kappast om å late seg avbilde med ein eller annan steinalderrett. Men alle ser ut til å gløyme det faktum at det er lengre til London enn med fly. Ei reiselivssatsing i Froan vil for alltid måtte leve med det faktum at det tek dobbelt så lang tid å reise frå Trondheim til Froan som frå Trondheim til Berlin.

Skal Utkant-Noreg verkeleg greie å ta steget inn i post-moderniteten, trengst infrastrukturelle ressursar av langt høgre kvalitet enn kva primærnæringa og industrien fekk skaffa fram på 1950-, 60- og 70-talet. Det viktigaste hinderet er tida det tek å frakte turisten til alle dei fantastisk avsidesliggende destinasjonane våre. Er det noko våre velgjødde vestlige turistar verkeleg manglar her i livet, så er det tid. Det er nett det som kan forklare at «speedferietilbodet»

**Er det noko våre velgjødde vestlige turistar verkeleg manglar her i livet, så er det tid.**

Norway in a nutshell kan reknast som ein av dei største reiselivssuksessane me har her til lands.

Skal Froan ha von om å ta steget inn i den symbolproduserande postmoderne tidsalder, trengst eit langt meir effektivt transportsystem. I tillegg trengst sjølv sagt profesjonelt tilrettelagde tilbod av aktivitetar og opplevingar som ein ikkje kan finne nærare. Men det, det er sjølv sagt ei anna historie.

**Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning**



**FLY:** Det viktigaste hinderet for norsk bygdeturisme er tida det tek å frakte turisten til bygda, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: COLOURBOX

**REPLIKK**

## Alle skal med

■ Når ein har som mål å heve norsk jordbruk og matproduksjon som prioritert politikkområde, synest eg det høver godt å starte med Arbeidarpartiet sitt gode valspråk i samband med kommunevalkampen i 2007, «alle skal med». Eit langt betre alternativ enn Vålerengaklanen sin kampsang når dei skal til Åråsen; «Stille i fjøset».

I eit ekstremt mediabasert og -fokusert demokrati, er det for så vidt naturleg at alle politiske parti, i sin kamp for å få merksemd og oppslutning, har blitt meir eller mindre populistiske. Og då blir det også ein naturleg konsekvens at politikarane vender seg til dei

største velgargruppene og snakkar helse, skule, eldreomsorg, samferdsle osv. Dette er viktige politikkområder, og i eit slikt perspektiv skjønar vi at bønder og næringsmiddelarbeidarar som gruppe blir små og ubetydelege.

Men kanskje vi kan få større merksemd og høgare politisk prioritet dersom vi skiftar fokus frå yrkesgrupper til produkt/mat? Eg trur faktisk at langt fleire norske velgarar (den politiske marknaden) er opptekne av norsk matproduksjon og sjølvforsyning av mattryggleik og kulturlandskap enn det politiske strategar trur.

Dette trur eg og ser vi gjer seg gjeldande i aukande grad i stadig

fleire land, og skuldast sjølv sagt ein venta og uunngåeleg situasjon der etterspurnaden er blitt større enn tilbudet. Dette er ein situasjon som etter alt å døme vil vare ved og tilta i åra som kjem, og dei politiske partia som hevar norsk jordbruk og norsk matproduksjon som politikkområde, og går til val på det i 2009, vil vinne valet.


Og dei raudgrøne partia har ser ven og sin sjanse no ved det nært føreståande jordbruksoppgjæret. Gje norske bønder og norsk matproduksjon det løftet som trengs både på prisar og budsjettmidlar, skryt av det, og vinn valet på det.

**Svein Førde, hovudtillitsvald NNN/LO TINE vest**

Fleire debattinnlegg finner du på side 26



Er du en optimist, har vi spurt leserne av nationen.no.



Totalt antall stemmer: 636

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!